



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2113

Vår dato  
29.06.2016  
Dykkar dato  
23.06.2016

Vår referanse  
2015/16562 423.1  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### **Til endeleg avgjerd - Byggesak - Lindås - Gnr 138 Bnr 21 - Tveiten - Oppføring av bustadkompleks - Gebyrklage på avvising av klage på vedtak om sakskostnadar**

Fylkesmannen sender med dette klagesak som gjeld avvising av klage på vedtak om sakskostnadar til departementet for endeleg avgjerd.

#### **Bakgrunn for saka**

Lindås kommune ga i vedtak av 28.10.2014 rammeløyve for oppføring av bustadkompleks på gnr. 138 bnr. 21. Samstundes vart det gitt gebyr på kr. 283.540,-.

Tiltakshavar, F.G. Eiendom AS, klaga på gebyret i brev av 10.12.2014. Lindås kommune avviste klagen i vedtak av 06.02.2015. Avvisingsvedtaket vart påklaga av advokatfirmaet Steenstrup Stordrange v/advokat Lars Selmar Alsaker, på vegne av tiltakshavar, ved brev av 24.02.2015. Fylkesmannen oppheva Lindås kommune sitt avvisingsvedtak, og sendte saka tilbake til kommunen for realitetshandsaming av klagen. Fylkesmannen påla Lindås kommune å dekke klagar sine sakskostnadar med kr. 32.925,- inkl. mva for denne delen av saka.

Lindås kommune realitetshandsama klagen på gebyret den 16.12.2015. Klagen vart ikkje tatt til følgje. Fylkesmannen omgjorde i vedtak av 26.02.2016 vedtaket, og sette gebyret ned til kr. 0,-.

I vedtak av 12.05.2016 påla Fylkesmannen Lindås kommune å dekke klagar sine sakskostnader med kr. 37.500,- inkl. mva.

Lindås kommune påklaga Fylkesmannen sitt vedtak om sakskostnadar ved brev av 31.05.2016.

Fylkesmannen avviste den 02.06.2016 kommunen sin klage. Lindås kommune klaga på avvisningsvedtaket den 23.06.2016. I klagen ber Lindås kommune om at det gis utsett iverksetting av Fylkesmannen sitt vedtak av 12.05.2016, i medhald av fvl. § 42, fram til spørsmålet om kommunen si klagerett er endeleg avgjort. Vi ber om at departementet tar stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting.

## **Fylkesmannen si vurdering**

Vedtaket vart sendt til Lindås kommune på e-post den 02.06.2016. Klagen er datert den 23.06.2016, men først sendt til Fylkesmannen på e-post den 24.06.2016. Klagefristen på tre veker er dermed gått ut, jfr. fvl § 29 første ledd.

Lindås kommune forsøkte å sende klagen på e-post til Fylkesmannen den 23.06.2016. Grunna feilskrift i e-postadressa både til sakshandsamar og postmottak, kom e-posten likevel ikkje fram. Klagen vart difor sendt på nytt neste morgon. Vi viser likevel til at klagen er mottatt dagen etter at fristen gjekk ut, samt at ein gjorde eit forsøk på å senda klagen innan fristen. Vi finn difor å kunne gi oppreisning, jfr. fvl § 31 første ledd bokstav b).

## Fylkesmannen si vurdering av klagen

Fylkesmannen kan ikkje sjå at klagar set fram nye opplysningar eller tar opp høve som ikkje er vurdert tidlegare i saka. Vi vil likevel komme med nokre merknadar knytt til klagerett for kommunen på sakskostnadsvedtaket.

Det går fram av juridisk teori<sup>1</sup> at:

*«Elles er det alminnelige utgangspunktet at et forvaltningsorgan ikke kan påklage vedtak at et annet eller saksøke dette. Forholdet mellom de ulike forvaltningsorganene er i de langt fleste tilfeller uttømmende regulert i enkeltlover og administrative bestemmelser. Dette gjelder både med hensyn til hvem som skal treffe hvilke avgjørelser, og ved vurderingen av hvem som er overordnet hvem på hvilke saksområder. Det alminnelige utgangspunktet vil være at et hus ikke bør være i strid med seg selv. Den offentlige forvaltning skal samarbeide og fremtre på en ryddig og ordentlig måte overfor omverdenen. Når lovgiver har fastsatt en funksjons- eller oppgavefordeling innen den offentlige forvaltning, vil det normalt virke uryddig, både i forhold til partene og for forvaltningen selv, om det enkelte forvaltningsorgan skulle bli ansett å ha en slik egeninteresse i saken at dette skal kunne utløse krav på overprøving i klagesak eller rettsak.»*

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høyringsnotat om avgrensing i statleg klageinstans sitt høve til å overprøve kommunen si utøving av det frie skjønnnet og etablering av tvisteløysingsmekanisme for rettslege tvistar mellom stat og kommune, der tilsvarende synspunkt er lagt til grunn<sup>2</sup>.

Det går vidare fram av juridisk teori<sup>3</sup> at:

*«Det er et spørsmål for seg om en kommune, som av et statlig klageorgan er pålagt å dekke saksomkostninger etter § 36, kan påklage dette vedtaket. Utgangspunktet for drøftelsen av spørsmålet må tas i forarbeidene, Ot prp nr 3 (1976-77) s 103 første spalte, der det uttales: «Også spørsmålet om klagerett for det organ som pålegges å bære kostnadene, bør løses ved forskrift.» Dette utsagnet må forstås slik at klagerett for det organ som er ilagt omkostningene, ikke vil foreligge før det gis nærmere forskrifter. Slike forskrifter er ikke gitt.»*

Vi viser ellers til uttale frå Justisdepartementet si lovavdeling<sup>4</sup>, som vi har gjort greie for i vårt vedtak av 02.06.2016.

---

<sup>1</sup> Bernt, Overå og Hove, *Kommunalrett*, 4. utgave 2002, side 104.

<sup>2</sup> På side 14 og 15

<sup>3</sup> Geir Woxholt, *Forvaltningsloven med kommentarer*, 2011, s. 610

På denne bakgrunn held vi fast på dei vurderingane som er gjort i vårt vedtak av 02.06.2016.

Fylkesmannen har vurdert klagen og saka elles, og har ikkje funne grunnlag for å endre vårt vedtak av 02.06.2016. Saka vert difor sendt til departementet for endeleg handsaming. Dokumenta i saka ligg vedlagt denne ekspedisjonen.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Cathrine Tvedt Lorentzen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALST

Ø

Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange  
v/advaokt Lars Selmar Alsaker

Postboks 1150 Sentrum

5811

BERGEN

---

<sup>4</sup> Tolkinguttale av 11.09.2001, *Dekning av kostnader etter fvl. § 36 første ledd – klageadgang etter fvl § 36 tredje ledd*